



SANDE KOMMUNE  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2016/850-691/2017  
Arkiv: 223

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
11/17	Næring-, teknisk- og miljøutval	15.02.2017

---

Saka gjeld: **SANDEFISK AS - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND**

**Tilråding:**

- NTM-utvalet godkjenner kostnadsplan på 290.000 kr.
- NTM-utvalet gir tilsegn om tilskot på 30% av godkjent kostnad, dvs opptil 87.000 kr.
- NTM-utvalet viser elles til vilkåra for slike tilsegn.

Særutskrift:

- Sandefisk AS, 6089 Sandshamn

## Saksopplysningar og vurderingar:

Søknadsår	2016
Støtteordning	Kommunalt næringsfond i Sande kommune
Tittel	SØKNAD TIL OPRETNING AV SPORING/LAGERSYSTEM
Søker	SANDEFISK AS

### Vurdering:

Søkar er Sandefisk AS. Verksemda driv med kjøp/mottak av fisk frå kystflåten, og vidare foredling/pakking av fiskeprodukt med hovedvekt på ferske produkt. Sandefisk AS har over lang til våre ei viktig verksemd i Sande, og er i dag det einaste mottaket for kystfiskeflåten i Sande.

Sandefisk AS har forretningsadresse Sandshamn. Eigarinteressene i Sandefisk AS er:

Andel %	Eigarinteresser	Forretningsadresse
50,8	GO GROUP AS	Fosnavåg
33,9	EVJE INVEST AS	Sandshamn
11	FINEFISH AS	Fosnavåg
4,3	Svein SørDAL	

### Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Hardware scannere og terminaler	65 000					65 000
Konsulent utvikling	160 000					160 000
Programvare	65 000					65 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>290 000</b>					<b>290 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	145 000					145 000
02.Lån i bank						
03.Egenkapital	145 000					145 000
04.Eget arbeid						
05.Andre finansieringskilder						
<b>Sum finansiering</b>	<b>290 000</b>					<b>290 000</b>

Kostnadsplan og finansieringsplan vert vurdert som tilfredsstillande.

Sandefisk AS har søkt tilskot for å etablere system for betre sporing av fangst samt betre lagersystem jf nye myndigheitskrav. Dette går ut på å identifisere innkjøpte råvarer med fysisk merking samt holde kontroll på disse ved lagerføring fram til produksjon identifisert ned til kvar enkelt veging pr fartøy. Dette er meget komplekst og sette store krav til rasjonalitet då verksemda handtera store mengde fordelt på svært små og diversifiserte fangster. Samtidig foregår dette i eit miljø som er vått og kaldt og det sette krav til meget profesjonelt utstyr.

Sandefisk AS sitt prosjekt er basert på å ta i bruk eksisterande/kjent teknologi. Sett frå verksemda si side er dette eit tiltak som vil kunne vere med å styrke konkurransevna til verksemda.

Sandefisk AS har ikkje omtalt potensiale for vekst i antal arbeidsplassar som resultat av nemnde prosjekt. Det vert vurdert slik at grunnlaget for dei eksisterande arbeidsplassande vert styrka som følge prosjekt – og at ein med dette kan vere med å legge til rette for ein framtidig vekst i aktivitet, arbeidsplassar, mm.

Sandefisk AS er ei tradisjonsrik verksemd med lokalt eigarskap/eigarstruktur over tid. Verksemda kjenner godt til marknaden den er i, og det er all grunn til å anta at verksemda skal kunna ha eit potensiale også framover i tid.

Oppsummering av vurderingane:

- «Datafangst» er kjent teknologi/tilbod. Sakshandsaming legg likevel vekt på at prosjektet vil vere nyskapande for verksemda i form av effektivisering, kvalitetsforbetring, kundetilfredsheit, mm.
- Antal nye arbeidsplassar er ikkje omtalt. Sakshandsaminga legg til grunn at prosjektet på kort/mellomlang sikt styrkar eksisterande arbeidsplassar. Vidare legg sakshandsaming til grunn at prosjektet over tid/lang sikt kan gi auka aktivitet, noko som vil kunne gi ei auke i arbeidsplassar.
- Innstillinga vert å gi støtte på 30 % av godkjent kostnad. Tilskotet vert utbetalt i hht gjeldande vilkår.

Larsnes, 06.02.2017

Asle J. Giske  
rådmann

